

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 8.-9. JUNI 2010

Framlegg til sakliste:

1. Godkjenning av innkalling, referat og sakliste
2. Meldingar
3. Nynorsk 2011 – noko me bør følgja opp?
4. Litteratur som nemndmedlemmene skulle lesa – noko relevant?
5. Normering – lydverket
 - Nokre fleire spørsmål om vokalisme
 - Diftong eller monoftong?
 - Konsonantisme
6. Normering – formverk
 - Bøying av substantiv

1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT OG SAKLISTE

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Innkalling og sakspapir vart sende ut til nemnda 27. mai. Det kjem ei tilleggssak om substantiv i veke 22.

Referatet frå sist møte vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Deretter vart det lagt ut på nettsida vår.

Framlegg til sakliste står på framsida.

2 MELDINGAR

Sidan sist møte har Grete og Aud vore på møte med Allegro i Bergen og med Helge Sandøy.

Andre meldingar?

3 NYNORSK 2011 – NOKO ME BØR FØLGJA OPP?

Alle les venteleg det som kjem inn på e-posten og på Nynorsk 2011, og merkar dykk synspunkta. Me kan ikkje gjera alle til lags, men me kan ta omsyn til kva folk meiner, når me skal gjera vurderingane våre.

Eg er det noko spesielt de vil peika på, som me bør leggja vekt på framover?

4 LITTERATUR SOM NEMNDSMEDLEMMENE SKULLE LESA – NOKO RELEVANT?

På eit tidlegare møte fordelte me tidlegare granskingar på nemndmedlemmene, med tanke på at de skulle lesa det og sjå om de finn noko som er relevant for nemnda. Har de funne noko som er viktig eller bra, og som heile nemnda bør lesa?

I e-posten som eg sende ut 25. februar, står det mellom anna:

Litteraturlista med tematisk inndeling ligg no i arbeidsrommet, under Dokument/Litteratur. Dokumenta frå Søfteland og Johnsen ligg òg der. Nokre artiklar finn de lenkjer til i litteraturlista, nokre hefte har de fått, noko må de kanskje skaffe dykk via bibliotek.

Beste helsing Aud

Alle bør lesa:

- oppsummeringane til Søfteland (til komande møte)
- Johnsen (til komande møte)
- utgreiingane til Aud Søyland og Åse Wetås
- artikkelen til Anders Aanes
- Faarlunds artiklar
- Vikørs artiklar

Fordeling av anna lesestoff (les fullt ut eller bla gjennom og vurder kva interesse det har):

Svend Arne og Ragnhild: Avisspråk

Ingunn I. Ims

Karin og Tore Elias: Elevarbeid

Gunnstein Akselberg

Celia Berg

Åse og Unn: Studentoppgåver og lærarutdanning

Anderson, Omdal 2004a og b

Kolberg Jansson

Nordhagen

5 NORMERING – LYDVERKET

Ein av kommentarane me har fått, både gjennom Nynorsk 2011 og på møte me har hatt, er at me ikkje må leggja for einsidig vekt på kva for former som synest å vera mest i bruk, men at me òg må ta omsyn til talemål, tradisjon o.l.

I sakspapiret til sist styremøte drøfta eg prinsippa våre i forhold til mandatet frå styret, for å visa korleis me vil gjera arbeidet i praksis.

Nemnda har vedteke fire prioriterte prinsipp som me heile tida må ha i mente i vurderingane våre:

Riise-nemnda vil bruka desse prinsippa i arbeidet for å forenkla nynorsknorma:

1. *Nynorsken skal normerast på eigen grunn (ubunde av bruk i bokmål).*
2. *Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis (det skal bli ei nasjonal norm, ikkje regionale normer).*
3. *Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.*
4. *Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, medan variantar som står sterkt, skal jamstellast.*

Det fyrste prinsippet inneber at me ikkje skal velja former *fordi* dei finst i bokmål. Men me skal heller ikkje la vera å velja dei viss dei finst i bokmål, – viss det er former som er utbreidde etter punkt 2, 3 og 4.

Det nynorske tekstkorpuset er etter kvart temmeleg stort (49,4 millionar ord), med temmeleg varierte kjelder, og derfor må me kunna seia at det viser kva som er skriftspråkleg tradisjon og praksis (pkt. 2). I tillegg viser det kva som er lite brukte former (pkt. 4).

Når det gjeld "talemålsformer med stor geografisk utbreiing", byggjer vurderingane våre til dels på det som står i den førre utgreiinga, *Nynorskrettskrivinga*, og dels på skjønn. Til saman representerer nemndmedlemmene ein ganske brei kunnskap om kva som er utbreidde talemålsformer. Dessutan har me høve til å kontrollera skjønnet vårt ved å samanlikna med former som er tekne med i *Nynorskordboka* og i *Norsk Ordbok*, og former som nedteikna i setelarkivet til Norsk Ordbok og i Målførearkivet.

Mandatet vårt er altså todelt og til dels motseiande: Me skal stramma inn, og me skal laga ein nynorsk som "ikkje stengjer ute former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar". Det må me forstå slik at me skal stramma inn til ein viss grad, men ved å bruka skjønn.

Saksframstillingane har eg bygd opp slik:

- Innleiingsvis under kvart emne har eg vist til drøftinga av emnet i *Nynorskrettskrivinga*, med sidetal.
- Ved hjelp av Nynorskcorpuset har eg søkt og funne ut noko om bruk av ordvariantar, dvs. bruk og tradisjon, og har skriva ein merknad om det ved kvart ord me har oppe til vurdering.
- Ved ordgrupper og til dels ved enkeltord har eg med merknader som kan vera viktige for avgjerda, til dømes om ord har ein spesiell status som signalord, om variantar bør reknast som separate ord, o.l. Vurderingar utover det skulle det vera unødvendig å ta med, i og med at me har den grundige utgreiinga frå 2002.

NOKRE FLEIRE SPØRSMÅL OM VOKALISME

Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa:

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 243–245 (2000-forslaga)

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 111–114, s. 129–130 og s. 146–156 (2002-forslaga)

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Rommetveit: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

Merknader til oppstillinga nedanfor

Venstre kolonne nedanfor viser gjeldande rettskriving. Kolonnen "Tidlegare forslag" viser kva som var forslaga i 2000, ev. 2002. Dei orda som er merkte med ²⁰⁰⁰, vart vedtekne av Språkrådet i 2000, men vart ikkje godkjende av departementet fordi det ønskte ein større gjennomgang av rettskrivinga.

Forslaga som er merkte med ²⁰⁰², var forslag til Språkrådet på rådsmøtet i 2003. Desse forslaga har eg teke med der dei var samrøystes. Var det delt innstilling, står det "Delt ²⁰⁰²".

Desse forslaga vart som kjent heller ikkje godkjende av departementet, og derfor må me ta dei opp att no.

Heftet *Nynorskrettskrivinga* inneheld ei grundig drøfting av orda når det gjeld normhistorikk, talemålsgrunnlag, skriftmålsgrunnlag, indre bygnad, ordgruppe og identitetsuttrykk, og det er viktig at nemnda les det som eit grunnlag for vedtaka ho skal gjera.

Utgreiinga som følgjer nedanfor, seier noko om kor utbreidde ulike valfrie former er. For å kunna vurdera det har eg søkt i Det nynorske tekstkorpuset ved Norsk Ordbok, som no inneheld om lag 49 millionar ord.

Dersom det i 2002-innstillinga var samrøystes forslag om at former skulle ut, har eg stort sett ikkje brukt tid på å søkja opp orda i tekstkorpuset.

Sist vart det bestemt at nemnda skulle koma tilbake til ein del ord. I tillegg har eg lagt til nokre nye. Men eg ser at Nynorskrettskrivinga ikkje har teke med alle ord med valfridom. Det er nok nødvendig med ein fullstendig gjennomgang av ordlista, for å fanga opp alle ord som i dag har valfridom. Derfor blir vokalisme og konsonantisme heilt sikkert tema i saker også til hausten.

Drøfting av ord som stod att frå sist møte, og nokre enkeltord i tillegg

a – e

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>altar</i> el. <i>alter</i> n.	Ikkje vurdert før	Dnt har 28 døme på <i>altar</i> og 35 døme på <i>alter</i> .
<i>annan</i> [<i>annen</i>] determ	<i>annan</i> ^{2000, 2002}	Korpuset har nær 900 døme på <i>annan</i> , og ein del døme på <i>annen</i> , men dei er alle frå bokmålssetningar. Jf. Wetås' funn og det som elles

		står i <i>Nyn.</i> s. 129 osv.
<i>berre</i> [<i>bare</i>] adv.	Delt ²⁰⁰²	Dnt har mange døme på <i>bare</i> , men sjølvsagt endå mange fleire døme på <i>berre</i> . Mange av tekstane som har <i>bare</i> , er bokmålstekstar. Nynorske tekstar med <i>bare</i> er her frå Askelund, DT og Syn og Segn. <i>Bare</i> er nok eit av signalorda for dei som gjerne vil ha ei austnorsk preg på nynorsken, men også for ein del rogalendingar og egder er det naturleg å skriva <i>bare</i> .
<i>hjarde</i> [<i>hjerde</i>] n.	Delt ²⁰⁰²	Dnt har mange døme på <i>hjerde</i> eller avleiingar av det, men mange av dei er frå bokmålstekstar. Mange av døma frå nynorske tekstar er frå Firda, ordet <i>hjerter</i> (frå kortspel). Det er sjølvsagt mange fleire døme på <i>hjarde/hjarta</i> , som er vore hovudform i dag. Når me kjem til substantiv, må me vurdera bøyinga av <i>hjarde/hjarta</i> .
<i>jarn</i> el. <i>jern</i> n.	Ikkje vurdert før	Dnt har om lag 800 tilslag på <i>jern</i> , mens det er 160 døme på <i>jarn</i> . Sjølv om <i>jern</i> er mest brukt, er <i>jarn</i> den tradisjonelle nynorskforma, og det er eit solid grunnlag for båe formene.
<i>-landsk</i> el. <i>-lendsk</i> adj. suffiks	Ikkje vurdert før	Det er 950 døme på <i>-landsk</i> i materialet, og berre 25 døme på <i>-lendsk</i> .

a – å

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.	Ikkje vurdert før	Dnt har 220 treff på <i>aleine</i> og om lag 740 på <i>åleine</i> . I dag er dei to formene altså jamstelte, og begge har ganske stor utbreiing.

o – u

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>skole</i> el. <i>skule</i> m.	Ikkje vurdert før	Dnt har snautt 200 treff på <i>skole</i> , og ca. 700 på <i>skule</i> . <i>Skule</i> er så å seia einerådande i talemålet i område med nynorsk hovudmål, men <i>skole</i> står òg sterkt, truleg fordi det har vore den "samlande" forma som ein har brukt i statlege tekstar, lovverk o.l. <i>Skole</i> har elles kome inn i norsk alt i norrøn tid, og er truleg avleidd av gammalengelsk <i>scol</i> el. lågtysk <i>schole</i> , eldre nederlandsk <i>scoele</i> . U-en i <i>skule</i> kjem kanskje frå den sistnemnde forma.
<i>skolera</i> v.	Ikkje vurdert før	I dag er <i>skolera</i> eineform i nynorsk. Verbet kjem av nederl. <i>scholieren</i> . Det har truleg kome inn i norsk seinare enn <i>skole/skule</i> , og har derfor berre fått ei form. Mange set verbet i samanheng med substantivet, og skriv <i>skulera</i> . Dnt har 18 treff på <i>skolera</i> , 10 på <i>skulera</i> . Det er rimeleg at dei to orda har same skrivemåte.
<i>sommar</i> [<i>sumar</i>] m.	<i>sommar/sumar</i> 2002	Dnt har 570 belegg på <i>sumar</i> og 2440 belegg på <i>sommar</i> . <i>Sumar</i> er brukt hjå mange

		austlendingar: Noss, Høydal, Kolloen, Vesaas, Hallingdølen, men også hjå vestlendingar: Heggland, Bjørkum. <i>Sommar</i> er mykje brukt i DT, SS, hjå Furre og Hovdhaugen. <i>Sumar</i> er den rådande dialektforma t.d. i midlandsmåla (øvre Telemark, Hallingdal, Valdres, Gudbrandsdalen).
--	--	---

o – å

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>drope</i> [dråpe] m.	<i>drope</i> ²⁰⁰²	Storparten av døma med <i>dråpe</i> i Dnt er frå bokmålstekstar, t.d. tv-program.
<i>flòte</i> el. <i>flåte</i> m.	Ikkje vurdert før	I dag er dei to skrivemåtane valfrie. Etymologisk sett kjem ordet av <i>floti</i> m., som altså hadde stutt o, og blir uttala /å/. Dnt har 15 døme med o/ò og ca. 300 med å.
<i>no</i> [nå] adv.	Delt ²⁰⁰²	Dnt har ca. 100 døme på <i>nå</i> ; fleire hundre på <i>no</i> . Som <i>noe</i> og <i>mye</i> er <i>nå</i> eit signalord for dei som ønskjer å skriva ein austnorsk el. sørlandsk nynorsk.
<i>tola</i> [tåla] v.	<i>tola</i> ²⁰⁰²	Det er om lag 100 døme på <i>tåla</i> ; hundrevis av døme på <i>tola</i> .
<i>tolmod</i> [tålmod] n.	Ikkje vurdert før	<i>Tolmod</i> er ikkje behandla særskilt i 2002, men det er rimeleg at det skal behandlast på same måte som <i>tola</i> . Det er klar overvekt av <i>tolmod</i> i Dnt, blant ulike skribentar. Også dei forfattarane som bruker <i>tålmod</i> , er ei variert gruppe.

u – y

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>skuva</i> v. <i>skuvar</i> , <i>skuva</i> , <i>skuva</i> el. <i>skyva</i> , <i>skyv</i> , <i>skauv</i> , <i>skove</i> el. <i>skyva</i> -er, -de, -d/-t	<i>skuva</i> , <i>skuvar</i> , <i>skuva</i> , <i>skuva</i> (som før) el. <i>skuva/skyva</i> , <i>skyv</i> , <i>skauv</i> , <i>skove</i> ²⁰⁰⁰	Her tek me berre stilling til grunnforma. Bøyinga kjem me attende til under verb. Dnt har 105 døme på <i>skuva</i> og 65 døme på <i>skyva</i> . Åse skriv m.a.: Både <i>skuva</i> og <i>skyva</i> kan definitivt ha sterk fleksjon, men <i>skuva</i> er nok generelt dominerande i arkivmaterialet.

Enkeltord

Gjeldande rettskriving	Tidl. forslag	Merknad
<i>audmjuka</i> el. <i>audmykja</i> [audmyka] v.	Ikkje vurdert før	Det er ikkje noko frekvent verb, og det kan ikkje vera nødvendig å ha tre variantar av det. I Dnt er det 12 døme på <i>audmyking</i> og 4 døme på <i>audmykja</i> (eitt av dei <i>audmyka</i>), som elles er e-verb. 50 døme på <i>audmjuking</i> , 23 på <i>audmjuka</i> , som er a-verb.
<i>før</i> f.	Ikkje vurdert før	I dag er skrivemåten <i>før</i> eineform i tydinga 'renne i åker' (av norr. <i>for</i>) og i tydinga 'reise; spor' (norr. <i>før</i>). Det er ikkje eit mykje brukt ord, men spørsmålet er om det er vanskeleg for folk

		flest å vita at det skal skrivast med open o, og ikkje med å. I Dnt er det 14 døme på <i>fôr</i> , og ingen på <i>får</i> , så det ser ikkje ut til å utgjera noko problem.
<i>føregå</i> v.	Ikkje vurdert før	Det synest rimeleg at <i>foregå</i> skal gå likt som <i>foreslå/føreslå</i> . I Dnt er det om lag 145 døme på <i>foregå</i> (som altså ikkje er tillate i dag), og 90 døme på <i>føregå</i> .
<i>foreslå</i> el. <i>føreslå</i> v.	Ikkje vurdert før	I tillegg til <i>foreslå/føreslå</i> er det berre to andre ord som har valfritt <i>fore-</i> og <i>føre</i> : <i>foredrag/føredrag</i> og <i>forelesa/førelesa</i> . Det er klart sterkast tradisjon for prefikset <i>føre-</i> i nynorsk, men det er neppe aktuelt å ta bort <i>fore-</i> no når <i>førestavinga</i> har vore i bruk lenge. I Dnt er det tre gonger så mange døme på <i>foreslå</i> som på <i>føreslå</i> .
<i>førestella</i> v.	Ikkje vurdert før	Eg har teke med dette ordet fordi andre ord som endar på <i>-stella</i> og <i>-stelling</i> , har valfritt <i>-stilla</i> og <i>-stilling</i> : <i>jamstella/jamstilla</i> , <i>likestella/likestilla</i> , <i>framstella/framstilla</i> . Det synest ulogisk at <i>førestella</i> 'tenkja seg' skal ha berre forma med <i>-e</i> . I Dnt er det 410 døme på <i>førestilla</i> (som ikkje er tillate i dag) og 830 på <i>førestella</i> . Eg hadde ikkje tenkt å ta opp <i>førestavinga</i> i dette ordet, men ser når eg søker i materialet at det er 334 døme på <i>forestilla</i> . Det kan vera aktuelt å vurdere om <i>fore-</i> skal bli tillate føreledd. I dag er <i>førestelling</i> brukt berre om 'tanke, idé' i "korrekt" nynorsk. I mange av døma frå Dnt er <i>førestelling</i> brukt om det som tradisjonelt heiter <i>framsyning</i> på nynorsk, t.d. hjå Fløgstad og Hoem. Det er ikkje nemnda sitt mandat å vurdere ordtilfanget, men det er naturleg å nemna dette no når ordet er oppe til vurdering.
<i>gjera</i> [<i>gjøra</i>] v.	Delt ²⁰⁰²	Dnt inneheld snaue 60 døme på <i>gjøra</i> ; fleire hundre døme på <i>gjera</i> . Spørsmålet er om dette òg er eitt av signalorda som betyr mykje for dei som vil skriva ein austnorsk nynorsk.
<i>glepp</i> m.	Ikkje vurdert før	I dag kan ein skriva <i>glipp</i> i tydinga "gå glipp av", men det heiter <i>glepp</i> i tydinga "det var ein glepp at vi sende ut feil opplysningar". Det kan vera aktuelt å ha valfritt <i>glepp</i> el. <i>glipp</i> i tyding 2. Dnt har berre 5 døme på substantivet <i>glepp</i> , og 60 døme på <i>glipp</i> (frårekna uttrykket "gå glipp av").
<i>gleppa</i> v.	Ikkje vurdert før	Verbet <i>gleppa</i> bør vurderast saman med <i>glepp</i> . Det har sterk bøyning, og skal forma med <i>-i-godtakast</i> , må <i>glippa</i> i så fall bøyast slik: <i>glippa</i> , <i>glipp</i> , <i>glapp</i> , <i>gloppe</i> . Dnt har berre 5 døme på verbet <i>glippa</i> i tydinga 'gli; klikke'. Det er 70 døme på <i>gleppa</i> .
<i>leie</i> el. <i>lægje</i> n. (ferje-)	<i>leie</i> ²⁰⁰⁰	Det er 23 døme på <i>leie</i> , og nærare 50 på <i>lægje</i> , men nesten alle er frå ein person: ØS Schmidt.

		<p>Åse: "Korkje usms. <i>leie/lægje</i> eller sms. <i>-leie/-lægje</i> viser klare tydingsskilje i det innsamla setelmaterialet hos oss (omfattar både målføresetlar og litterære ekserpt). Det er såleis belegg i materialet både på <i>ferjeleie</i> og <i>ferjelægje</i>, <i>skipsleie</i> og <i>skipslægje</i>, <i>elveleie</i> og <i>elvelægje</i>. Dette viser vel i grunnen at me ikkje bør stola særleg mykje på eigne intuisjonar om kva som gjeld og ikkje gjeld – eg kan i alle fall ikkje stola på m i n e (for eg var heilt overtydd om at <i>lægje</i> måtte brukast i tydinga 'kvileplass, bol, liggjestad' osv., medan <i>-leie</i> var det vanlege andreleddet i sms. som <i>ferjeleie</i>. Slik ser det altså ikkje ut til å vera.)"</p> <p>Merk at det finst eit hokjønnsord med om lag same tyding: <i>lege</i> f.</p>
<i>mye</i> el. <i>mykje</i> adj.	<i>mykje</i> [mye] ²⁰⁰⁰ . Delt ²⁰⁰²	<i>Mye</i> og <i>mykje</i> er altså jamstelte i dag. Det er mange døme på <i>mye</i> i materialet, sjølv om ein del av dei òg er bokmålssitat. <i>Mye</i> er eit "signalord" for dei som ønskjer å skriva austnorsk, trøndsk og sørlandsk nynorsk.
<i>okle</i> f. el. n.	Ikkje vurdert før	<i>Okle</i> er eineform i nynorsk i dag, men det synest lite kjent blant nynorske skribentar. Dnt har 26 døme på <i>okle</i> , og 60 døme på <i>ankel</i> . <i>Ankel</i> bør takast inn i nynorsk, og dei to orda først opp kvar for seg.
<i>olboge</i> m.	Ikkje vurdert før	<i>Olboge</i> er eineform i nynorsk i dag, men også <i>alboge</i> er mykje brukt: 44 døme i Dnt, mot 93 døme på <i>olboge</i> . Det er berre 2 døme på <i>albue</i> . <i>Alboge</i> bør godtakast i nynorsk.
<i>oske</i> f.	Ikkje vurdert før	I samband med oskeskya frå Island vart det aktuelt å vurdere om <i>oske</i> framleis skal vera eineform i nynorsk. Særleg i samansetningar ser ein <i>oske</i> brukt ein del: <i>askebeger</i> , <i>Askeladden</i> , <i>Askepott</i> . Dnt har 50 døme på <i>oske</i> og 180 døme på <i>oske</i> .
<i>rôte</i> m.	Ikkje vurdert før	23 døme på <i>rôte</i> eller <i>røten</i> , 10 døme på <i>råte</i> .
<i>rotna</i> v.	Ikkje vurdert før	Dnt har 170 døme på <i>rotna</i> , 2 døme på <i>råtna</i> .
<i>skjærseld</i> [skirseld] m.	Delt ²⁰⁰²	Dnt har 18 døme på <i>skjærseld</i> , 4 døme på <i>skirseld</i> . Skulle ein velja eitt, er det nok <i>skjærseld</i> dei fleste oppfattar som "vanleg". Argumentet for å behalda <i>skirseld</i> er at det viser samanhengen med verbet å <i>skira</i> 'reinsa'.
<i>skugge</i> m.	Ikkje vurdert før	<i>Skugge</i> er eit godt innarbeidd ord i nynorsk, men me ser òg at <i>skygge</i> blir brukt noko. <i>Skygge</i> n. står i nynorske ordlister i tydinga 'skuggefull stad; luekant'. I Dnt er det ca. 30 døme på <i>skygge</i> med same tyding som <i>skugge</i> . Det er då stort sett hankjønnsord. Det er 850 døme på <i>skugge</i> .
<i>streta</i> v.	Ikkje vurdert før	I Dnt er det 21 døme på verbet <i>streta</i> i tydinga 'slita; streva'. Det er 80 døme på verbet <i>stritta</i> , som i dag ikkje er tillate i nynorsk. <i>Stritta</i> er

		brukt både i tydinga "stritta imot" og i tydinga "håret strittar". I dag er ikkje ordet <i>stritta</i> oppført i nynorske ordlister. For den siste tydinga foreslår <i>Med andre ord</i> "håret står rett til vers".
<i>sundag</i> el. <i>søndag</i> m.	Ikkje vurdert før	Det er mange treff på både <i>sundag</i> og <i>søndag</i> , litt fleire på <i>søndag</i> .

Vurdering

Orda ovanfor har det til felles at dei har to variantar i vokalismen anten i gjeldande rettskriving, eller i uoffisiell rettskriving. Men som gruppe er orda svært lite einsarta, og det er ulike grunngevingar for korleis skrivemåten bør vera i framtida:

- a) Dei to variantane representerer austnorsk og vestnorsk talemål, og den austnorske forma betyr mykje for dei som vil markera at dei skriv ein austnorsk nynorsk. Uheldigvis for desse formene fell dei òg saman med bokmål, og mange oppfattar dei derfor som framande i nynorsk. Døme: *annan/annen, berre/bare, gjera/gjøre, hjarte/hjerte, mykje/mye, no/nå*.

Argumentet **for** desse formene er at også austlendingar må kunna kjenna seg att i nynorsk. Nynorsken blir ofte skulda for å vera vestnorsk, og med desse formene viser me at det er teke omsyn til austnorsk.

Argumentet **mot** er at store tekstprodusentar som forlag og statsteneste ønskjer bokmålsnære former i det dei gir ut. Blir desse formene tillatne, kan det fort bli dei som slår gjennom i lærebøkene, sjølv om formene ikkje samsvarar med nynorsken som blir brukt der nynorsken i dag er hovudmål.

- b) Dei to variantane står begge sterkt i nynorsk, og bør derfor bli ståande som jamstelte former. Det gjeld ord som: *aleine/åleine, jarn/jern, foreslå/føreslå, skole/skule, skuva/skyva, sommar/sumar, sundag/søndag*.
- c) Dei to variantane ser ut til å ha nokså lik utbreiing, men ordet er eit heller lite brukt ord, og dokumentasjonen er liten. Døme: *altar/alter, audmjuka/audmykja, skirseld/skjærselfeld*.

Eit argument **for** å ha begge formene er at dei begge er i bruk.

Eit argument **mot** er at ordet er lite brukt, og at det er ekstravagant med valfridom i sjeldsynte ord.

- d) Dei to variantane har svært ulik utbreiing, og den eine er klart dominerande i moderne nynorsk. Døme: *drope/dråpe, flote/flåte, -landsk/-lendsk, leie/lægje, skugge/skygge, tola/tåla, tolmod/tålmod*.

Argumentet **for** å behalda lite brukte former kan vera at dei har sterk tradisjon i nynorsk, og at dei har eit sterkt talemålsgrunnlag.

Argumentet **mot** er at talemålsgrunnlaget ikkje er eit argument åleine, det må òg ha ei viss støtte i bruken, ut frå mandatet vårt. Er den eine varianten dessutan lite i bruk, vil få sakna han om han blir teken bort.

- e) Det er éin variant av ordet i norma i dag, men ein annan variant er òg i bruk. Døme: *ankel/okle, alboge/olboge, aske/oske, foregå/føregå, førestella/førestilla, glepp/glipp, gleppa/glippa, skolera/skulera, streta/stritta.*

Argumentet **for** å ta inn ei form i tillegg til den tillatne forma er talemålsgrunnlag, skriftgrunnlag og parallell til eit ord med same etymologi. I nokre tilfelle kan me òg løysa det med å føra opp dei to variantane som ulike ord. Det gjeld når dei har ulik vokalisme og ulikt opphav.

Argumentet **mot** er at me skal halda talet på former nede.

- f) Det er éin variant av ordet i dag, og den kan by på skriveproblem pga. skilnaden mellom uttale og skriftbilette: Døme: *før, røte.*

Argumentet **for** å ta dei med er at det kan letta innlæringa av skriftbiletet.

Argumentet **mot** er at me ikkje bør stryka den forma som trass alt er innarbeidd, og heller ikkje bør utvida med fleire former.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Desse formene går ut:
a - e	
<i>altar</i> el. <i>alter</i> s.	
<i>annan</i> <i>determ</i>	<i>annen</i>
<i>berre</i> el. <i>bare</i> adv.	
<i>hjarte</i> el. <i>hjerte</i> n.	
<i>jarn</i> el. <i>jern</i> n.	
<i>-landsk</i> suffiks	<i>-lendsk</i>
a - å	
<i>aleine</i> el. <i>åleine</i> adv.	
o - u	
<i>skole</i> el. <i>skule</i> m.	
<i>skolera</i> el. <i>skulera</i> v.	
<i>sommar</i> el. <i>sumar</i> m.	
o - å	
<i>drope</i> m.	[<i>dråpe</i>]
<i>flåte</i> m.	<i>fløte</i>
<i>no</i> el. <i>nå</i> adv.	
<i>tola</i> v.	[<i>tåla</i>]
<i>tolmod</i> n.	[<i>tålmod</i>]
u - y	
<i>skuva</i> v. el. <i>skyva</i>	
Enkeltord	
<i>audmjuka</i> v.	<i>audmykja</i> [<i>audmyka</i>]
<i>før</i> f.	
<i>føregå</i> el. <i>føregå</i> v.	
<i>foreslå</i> el. <i>føreslå</i> v.	

<i>førestella</i> el. <i>førestilla</i> v.	
<i>gjera</i> el. <i>gjøra</i> v.	
<i>glepp</i> el. <i>glipp</i> m. (i tydinga 'mistak')	
<i>gleppa</i> v.	
<i>leie</i> n.	[lægje]
<i>mye</i> el. <i>mykje</i> adj.	
<i>oske</i> f.	
<i>ròte</i> m.	
<i>rotna</i> v.	
<i>skjærseld</i> el. <i>skirseld</i> m.	
<i>streta</i> el. <i>stritta</i> v.	
<i>sundag</i> el. <i>søndag</i> m.	

Desse formene blir ståande i ny rettskriving som separate oppslagsord:

<i>ankel</i> m.	<i>okle</i> f. el. n.
<i>alboge</i>	<i>olboge</i> m.
<i>skugge</i> m.	<i>skygge</i> n.

DIFTONG ELLER MONOFTONG?

Bakgrunnsstoff som nemnda bør lesa:

Nynorskrettskrivinga s. 37–41, 158, 170, 193 (2002-forslaga)

Nynorskrettskrivinga s. 201–202 (mindretalsforslaget 2002)

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Diskusjonsforumet *Nynorsk 2011*

I *Nynorskrettskrivinga* er det laga ei oppstilling over ord som har ein variant med diftong og ein med monoftong, før ulike konsonantar.

au/ø; au/o; øy/ø

	<i>au/ø</i>	<i>au/o</i>	<i>øy/ø</i>
Føre m	<i>draum</i> [drøm]	<i>flaum</i> [flom]	<i>fløyme</i> [flømme]
	<i>straum</i> [strøm]	<i>flaume</i> [flomme]	<i>drøyme</i> [drømme]
		<i>taum</i> [tom]	<i>gløyme</i> [glømme]
			<i>gløymen</i> [glømmen]
			<i>gløymske</i> [glømske]
			<i>gløymsk(en)</i> [glømsk(en)]
			<i>gløymsle</i> [glømsle]
			<i>gøyme</i> [gjømme]
			<i>gøymsle</i> [gjømsle]
		<i>strøyme</i> [strømme]	
Føre st	<i>raust/røst</i> n.		<i>trøyst/trøst</i> f.
	<i>rauste/røste</i> v.		<i>trøyste/trøste</i> v.
Føre sk	<i>trausk/trøsk</i> m.		
Føre r			<i>køyre/kjøre</i> v.
			<i>høyre/høre</i> v.
			<i>øyr/ør</i> f. (sandbanke)
			<i>øyre/øre</i> v. (om elv)
			<i>møyr/mør</i> adj.
			<i>røyr/rør</i> f. el. n.
			<i>skøyr/skjør</i> adj.
		<i>øyre [øre]</i> n. (lekamsdel)	
Føre andre lydar	<i>baune/bønne</i> f.	<i>smau/smog</i> n.	<i>døy</i> [dø] v.
	<i>daud/død</i> adj.	<i>tau/tog</i> n.	<i>lønsk/løynsk</i> adj.
	<i>daude/død</i> m.	<i>trau/trog</i> n.	<i>strø/strøye</i> v.
	<i>dauv/døv</i> adj.	<i>jau/jo</i>	<i>strø/strøy</i> n.
	<i>laugste/løgste</i> v.		
	<i>lauk/løk</i>		
	<i>laup/løp</i>		<i>trøtt/trøytt</i> adj.
	<i>laupar/løpar</i>		<i>tø/tøy</i> m.

	<i>naud/nød</i>		<i>tø/tøye v.</i>
			<i>ty/tøy n.</i>
		<i>kong [kaun]</i>	
		<i>rogn [raun]</i>	

Kort oppsummering:

- Formene med monoftong kom inn i 1917, vart reduserte i 1938, men kom inn att som klammeformer i 1959.
- Diftongar dominerer i vestlandsk og midlandsk; elles står monoftongane sterkt i målføra.
- I skriftmålet står diftongformene *au* og *øy* sterkt samanlikna med monoftongen *ø*.

Forslag i 2002:

Fleirtalet ville jamstella hovudformene og klammeformene som er nemnde nedanfor, og elles behalda valfrie former.

Mindretalet gjekk inn for at klammeformene med monoftong skulle strykast.

Drøfting

Føre m: au/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>draum [drøm] n.</i>	Nær tusen døme på <i>draum</i> , <i>draume</i> - i Dnt. Det er også mange døme på <i>drøm</i> , men dei aller fleste er frå bokmålssitat. Forfattarar som bruker <i>drøm</i> , er Fløgstad, Forfang og Skagestad.
<i>straum [strøm] m.</i>	<i>Strøm</i> er brukt av Forfang, Høgbr, Lars Mæhle, Olav Vesaas, og sporadisk i DT, Firda, Hallingdølen.

Føre m: au/o

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>flaum [fløm] m.</i>	Det er ca. 60 døme på <i>fløm</i> i Dnt; <i>flaum</i> er absolutt dominant. <i>Fløm</i> er brukt av m.a. Høgbrenna, Hallingdølen, VestNytt.
<i>flauma [flomma] v.</i>	Dnt har berre eitt døme på <i>flauma</i> ; 10–12 døme på <i>flomma</i> ; to ser ut til å vera frå bokmålstekstar.
<i>taum [tom] m. (snor)</i>	Ingen døme på <i>tom</i> i tydinga 'taum'.

Føre m: øy/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>drøyma [drømme] v.</i>	Også her er dei fleste døma på <i>drøm</i> - henta frå bokmålssitat. Nynorske forfattarar som likevel bruker <i>drømme</i> / <i>drømme</i> , er Fløgstad, Forfang, Tormod Skagestad. Dessutan er det brukt litt i Syn og Segn og Dag og Tid.
<i>fløyma [flømme] v.</i>	Dnt har ingen døme på <i>flømme</i> .
<i>gløyma [glømme] v.</i>	45 døme på <i>glømme</i> , hundrevis på <i>gløyma</i> . Forfattarar som bruker <i>glømm</i> -: Forfang, Lars Mæhle, Torvald Sund.
<i>gløymen [glømme] adj.</i>	Verken <i>gløymen</i> el. <i>glømme</i> finst i Dnt.
<i>gløymske [glømske] s.</i>	Ingen døme på <i>gløymske</i> el. <i>glømske</i> i Dnt.
<i>gløymisk(en)</i> <i>[glømsk(en)] adj.</i>	3 døme på <i>gløymisk</i> , eitt på <i>glømsk</i> .
<i>gløymsle [glømsle] f.</i>	75 døme på <i>gløymsle</i> , eitt døme på <i>glømsle</i> .

<i>gøyma</i> [gjøm̥ma] v.	Vel 30 døm̥e på <i>gjøm̥ma</i> , mengdevis på <i>gøyma</i> .
<i>gøymsle</i> [gjøm̥sle] f.	25 døm̥e på <i>gøymsle</i> , eitt på <i>gjøm̥sle</i> .
<i>strøyma</i> [strøm̥ma] v.	Det er ikkje mange døm̥e på <i>strøm̥ma</i> , og dei fleste er bokmålsdøm̥e. Forfattarar som har brukt desse formene, er Austigard og Forfang. Verbet <i>strøyma</i> dominerer totalt.

Føre st: au/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>raust</i> el. <i>røst</i> n. (tak-)	Ca. 200 døm̥e på <i>raust</i> , 15–16 på <i>røst</i> .
<i>rausta</i> el. <i>røsta</i> v.	Verken <i>rausta</i> el. <i>røsta</i> finst i Dnt.

Føre st: øy/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>trøyst</i> el. <i>trøst</i> f.	5–6 døm̥e med <i>trøst</i> , <i>trøste</i> -; mange hundre med <i>trøyst</i> .
<i>trøysta</i> el. <i>trøsta</i> v.	Ca. 60 døm̥e på <i>trøsta</i> ; rundt 375 døm̥e på <i>trøysta</i> .

Føre sk: au/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>trausk</i> el. <i>trøsk</i> m. (frosk)	Eitt døm̥e på <i>trøsk</i> ; ingen på <i>trausk</i> .

Føre r: øy/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>høyra</i> el. <i>høra</i> v.	Det er ca. 50 døm̥e på <i>høra</i> ; mange hundre døm̥e på <i>høyra</i> . Inntrykket er at <i>kjøra</i> er meir brukt i nynorsk enn <i>høra</i> . Fleire målføre har òg <i>kjøra</i> , men <i>høyra</i> . Det gjeld m.a. Rogaland og Valdres. Folk flest vil nok likevel oppfatta det som rimeleg at ein behandlar dei to orda likt.
<i>køyra</i> el. <i>kjøra</i> v.	Det ser ut til å vera om lag fire gonger så mange døm̥e på <i>køyra</i> som på <i>kjøra</i> , men det er òg mange døm̥e på <i>kjøra</i> : ca. 175 døm̥e.
<i>møyr</i> el. <i>mør</i> adj.	Dnt har 15 døm̥e på <i>møyr</i> , 10 på <i>mør</i> .
<i>røyr</i> el. <i>rør</i> f. el. n.	Ca. 75 døm̥e på <i>rør</i> , over 500 døm̥e på <i>røyr</i> .
<i>skøyr</i> el. <i>skjør</i> adj.	56 døm̥e på <i>skjør</i> , ca. 70 døm̥e på <i>skøyr</i> .
<i>øyr</i> el. <i>ør</i> f. (sandbanke)	Ingen døm̥e på <i>ør</i> ; 5 døm̥e på <i>øyr</i> .
<i>øyra</i> el. <i>øra</i> v. (om elv)	Ingen døm̥e på dette verbet.
<i>øyre</i> [øre] n. (lekamsdel)	Ca. 75 døm̥e på <i>øre</i> i tydinga 'lekamsdel', ca. 400 med <i>øyra</i> el. <i>øyre</i> .

Føre andre lydar: au/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>baune</i> el. <i>bønne</i> f.	Rundt 30 døm̥e på <i>bønne</i> , 3 døm̥e på <i>baune</i> .
<i>daud</i> el. <i>død</i> adj.	<i>Død</i> er brukt om lag fire gonger så mykje som <i>daud</i> , men orda blir ikkje brukte heilt synonymt: <i>daud</i> blir brukt mest om dyr, mens <i>død</i> kan brukast både om menneske og dyr. Mykje talar for å føra opp desse to orda som to separate ord.
<i>daude</i> el. <i>død</i> m.	Det er ca. 10 døm̥e på <i>daude</i> ; fleire hundre døm̥e på <i>død</i> . Orda er førte

	opp som synonym i NOB, men dei blir nok ikkje brukte heilt likt. Dei kan truleg først opp som to ulike oppslagsord.
<i>dauv</i> el. <i>døv</i> adj.	Ca. 80 døme på <i>dauv</i> ; om lag like mange med <i>døv</i> . Det kan vera grunnlag for å føra orda opp som ulike oppslagsord, fordi <i>døv</i> har kome inn i språket i seinare tid, og fordi dei blir brukte noko ulikt.
<i>laugsta</i> el. <i>løgsta</i> v. (skulda nokon for å lyga)	Orda finst ikkje i Dnt-materialet.
<i>lauk</i> el. <i>løk</i> m.	50 døme på <i>lauk</i> , og ca. 60 på <i>løk</i> .
<i>laup</i> el. <i>løp</i> n.	Ca. 20 døme på <i>laup</i> , 500–600 døme på <i>løp</i> .
<i>laupar</i> el. <i>løpar</i> m.	300 døme på <i>løpar</i> ; 5 døme på <i>laupar</i> .
<i>naud</i> el. <i>nød</i> f.	Snutt 50 døme på <i>nød</i> ; mange hundre på <i>naud</i> .

Føre andre lydar: au/o

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>jau</i> el. <i>jo</i> interj.	200 døme på <i>jau</i> , ca. 30 døme på <i>jo</i> .
<i>kong</i> [kaun] m. (svull)	Dnt-materialet har ingen døme på <i>kong</i> el. <i>kaun</i> .
<i>rogn</i> [raun] f.	Ca. 35 døme på <i>rogn</i> , 21 på <i>raun</i> frå varierende kjelder.
<i>smau</i> el. <i>smog</i> n.	25 døme på <i>smau</i> , 10 døme på <i>smog</i> .
<i>tau</i> el. <i>tog</i> n.	Ca. 80 døme på <i>tau</i> ; så vidt eg kan sjå, ingen døme på <i>tog</i> i tydinga 'tau'.
<i>trau</i> el. <i>trog</i> n.	23 døme på <i>trau</i> , 10 døme på <i>trog</i> .

Føre andre lydar: øy/ø

Gjeldande rettskriving	Merknad
<i>døy</i> [dø] v.	5 (nynorske) døme på <i>dø</i> ; fleire hundre døme på <i>døy</i> .
<i>lønsk</i> el. <i>løynsk</i> adj.	2 døme på <i>lønsk</i> ; 11 døme på <i>løynsk</i> .
<i>strø</i> el. <i>strøya</i> v.	150 døme på <i>strø</i> ; 17 døme på <i>strøya</i> . Det kan vera aktuelt å føra dei to formene opp som separate oppslagsord.
<i>strø</i> el. <i>strøy</i> n.	25 døme på <i>strø</i> , 6 døme på <i>strøy</i> .
<i>trøtt</i> el. <i>trøytt</i> adj.	Over 200 døme på <i>trøtt</i> ; truleg om lag tre gonger så mange døme på <i>trøytt</i> .
<i>ty</i> el. <i>tøy</i> n.	Ca. 50 døme på <i>ty</i> ; 110 på <i>tøy</i> .
<i>tø</i> el. <i>tøy</i> m. (smelting)	Ingen døme i materialet.
<i>tø</i> el. <i>tøya</i> v. (smelta)	Eg finn ingen døme på desse to orda i Dnt. Det kan vera aktuelt å føra dei opp som separate oppslagsord.

Vurdering:

Ei vurdering av heile gruppa, ut frå prinsippa våre:

1. Nynorsken skal normerast på eigen grunn:

Formene med diftong er dei tradisjonelle i nynorsk. Formene med monoftong treng ikkje bli ståande av omsyn til tilnærming.

2. Normeringa skal skje ut frå skriftspråkleg tradisjon og praksis:

Formene med diftong har lengst tradisjon i nynorsk, og er stadig dei dominerande formene.

3. *Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.*

Formene med monoftong står sterkt i mange dialektar frå sør til nord; noko svakare på Vestlandet og i midlandsk enn i resten av landet.

4. *Lite brukte former skal som hovudregel takast ut av norma, medan variantar som står sterkt, skal jamstellast.*

Ein del av monoftong-formene er lite brukte, men det gjeld ikkje alle.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:
Føre m: au/ø	
<i>draum</i> n.	[drøm]
<i>straum</i> m.	[strøm]
Føre m: au/o	
<i>flaum</i> m.	[flom]
<i>flauma</i> v.	[flomma]
<i>taum</i> m. (snor)	[tom]
Føre m: øy/ø	
<i>drøyma</i> v.	[drømme]
<i>fløyma</i> v.	[flømme]
<i>gløyma</i> v.	[glømme]
<i>gløymen</i> adj.	[glømmen]
<i>gløymske</i> s.	[glømske]
<i>gløymisk(en)</i> adj.	[glømsk(en)]
<i>gløymsle</i> f.	[glømsle]
<i>gøyma</i> v.	[gjømme]
<i>gøymsle</i> f.	[gjømsle]
<i>strøyma</i> v.	[strømme]
Føre st: au/ø	
<i>raust</i> n. (takrygg)	røst
<i>rausta</i> v.	røsta
Føre st: øy/ø	
<i>trøyst</i> el. <i>trøst</i> f.	
<i>trøysta</i> el. <i>trøsta</i> v.	
Føre sk: øy/ø	
<i>trausk</i> m. (frosk)	trøsk
Føre r: øy/ø	
<i>høyra</i> el. <i>høra</i> v.	
<i>køyra</i> el. <i>kjøra</i> v.	
<i>møyr</i> el. <i>mør</i> adj.	
<i>røyr</i> el. <i>rør</i> f. el. n.	
<i>skøyr</i> el. <i>skjør</i> adj.	
<i>øyr</i> el. <i>ør</i> f. (sandbanke)	
<i>øyre</i> el. <i>øre</i> v. (om elv)	
<i>øyre</i> el. <i>øre</i> n. (lekamsdel)	
Føre andre lydar: au/ø	
<i>bønne</i> f.	baune

<i>lauk</i> el. <i>løk</i> m.	
<i>løgsta</i> v. (skulda nokon for å lyga)	<i>laugsta</i>
<i>løp</i> n.	<i>laup</i>
<i>løpar</i> m.	<i>laupar</i>
<i>naud</i> el. <i>nød</i> f.	
Føre andre lydar: au/o	
<i>jau</i> el. <i>jo</i> interj.	
<i>kong</i> m. (svull)	[<i>kaun</i>]
<i>smau</i> n.	<i>smog</i>
<i>rogn</i> f.	[<i>raun</i>]
<i>tau</i> n.	<i>tog</i>
<i>trau</i> n.	<i>trog</i>
Føre andre lydar: øy/ø	
<i>døy</i> v.	[<i>dø</i>]
<i>løynsk</i> adj.	<i>lønsk</i>
<i>trøtt</i> el. <i>trøytt</i> adj.	
<i>ty</i> el. <i>tøy</i> n.	

Desse formene blir ståande i ny rettskriving som separate oppslagsord:	
<i>daud</i> adj.	<i>død</i> adj.
<i>daude</i> m.	<i>død</i> m.
<i>dauv</i> adj.	<i>døv</i> adj.
<i>strø</i> n.	<i>strøy</i> n.
<i>strø</i> v.	<i>strøya</i> v.
<i>tø</i> m.	<i>tøy</i> m.
<i>tø</i> v.	<i>tøya</i> v.

KONSONANTISME

Bakgrunnsstoff som nemnda bør lesa:

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 242–243 (2000-forslaga)

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 41–53, s. 145–146, s. 203–210 (2002-forslaga)

Vikørs undersøking

Wetås' undersøking

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

Drøfting av ord med enkel eller dobbel m

m/mm er jamstelte:

Gjeldande rettskriving	Tidl. framlegg	Merknad
<i>brama</i> el. <i>bramma</i> v. (sjå godt ut, skryta)	<i>bramma</i> [brama] ²⁰⁰⁰ , <i>bramma</i> ²⁰⁰²	Ingen treff i Dnt. Sidan dobbel m blir føreslått som den dominerande forma for gruppa totalt, er det rimeleg å behalda forma med dobbel m. Ordet er lite frekvent, og det er neppe behov for to former.
<i>brudgom</i> , <i>brudgomen/brudgommen</i> m.	<i>brudgomen</i> [brudgommen] ²⁰⁰⁰ , <i>brudgomen/brudgomen</i> ²⁰⁰²	Dnt har 19 på <i>brudgomen</i> , 75 døme på <i>brudgommen</i> . Den fyrste er likevel den tradisjonelle forma, så det kan vera grunn til å la henne eksistera i norma.
<i>-dom</i> , <i>-domen/-dommen</i> suffiks	<i>-domen/-dommen</i> ^{2000, 2002}	Nær tusen treff på <i>-domen</i> , mykje frå DT og noko frå SS. Om lag det same på <i>-dommen</i> , også frå same kjelder. Det rare er at eg ikkje får treff i andre kjelder.
<i>-døme/-dømme</i> suffiks (t.d. <i>bispedøm(m)e</i>)	<i>-døme/-dømme</i> ^{2000, 2002}	Dnt har ca. 60 døme på <i>-døme</i> , 460 døme på <i>-dømme</i> .
<i>fremja</i> el. <i>fremma</i> v.	<i>fremja</i> [fremma] ²⁰⁰⁰ , <i>fremja</i> ²⁰⁰²	I Dnt er det 150 døme på <i>fremma</i> , 780 døme på <i>fremja</i> . Det verkar fornuftig å la <i>fremja</i> og <i>temja</i> følgja same bøyning.
<i>hamar</i> el. <i>hammar</i> m.	<i>hammar</i> [hamar] ²⁰⁰⁰ , <i>hamar/hammar</i> ²⁰⁰²	Dnt har ca. 80 døme på <i>hamar</i> , 240 på <i>hammar</i> . Skrivemåten gjeld begge tydingar av ordet.
<i>homa</i> el. <i>homma</i> v. (få hest til å ryggja)	<i>homma</i> [homa] ²⁰⁰⁰ , <i>homma</i> ²⁰⁰²	Det er eit lite brukt ord i dagens samfunn, og Dnt har berre eitt treff på <i>homa</i> , ingen på <i>homma</i> .
<i>kiming</i> el. <i>kimming</i> f. (synsrand)	<i>kimming</i> [kiming] ²⁰⁰⁰ , <i>kimming</i> ²⁰⁰²	Dnt har 4 døme på <i>kiming</i> (Alfred Hauge og Tarjei Vesaas), ingen døme på <i>kimming</i> .
<i>koma</i> el. <i>komma</i> v.	<i>koma/komma</i> ^{2000, 2002}	<i>Koma</i> står klart sterkare enn <i>komma</i> : Det er om lag 1900 treff på <i>koma/kome</i> , og om lag 600 på <i>komma/komme</i> . Begge variantar er altså i utbreidd bruk.
<i>lem</i> , <i>lemen/lemmen</i> m. (kroppsdel)	<i>lemmen</i> [lemen] ²⁰⁰⁰ , <i>lemen/lemmen</i> ²⁰⁰²	Det er 24 treff på <i>lemen</i> , 30 på <i>lemmen</i> .

<i>lema</i> el. <i>lemma</i> v. (partera)	<i>lemma</i> [lema] ²⁰⁰⁰ , <i>lema/lemma</i> ²⁰⁰²	Ingen treff på dette verbet.
<i>lom, lomen/lommen</i> m. (fugl; handtak på ei åre; labb)	<i>lommen</i> [lomen] ²⁰⁰⁰ , <i>lomen/lommen</i> ²⁰⁰²	5 treff på <i>lomen</i> , ingen på <i>lommen</i> .
<i>medlem – medleмен/medlemmen</i> m.	<i>medlemmen</i> [medlemen] ²⁰⁰⁰ , <i>medleмен/medlemmen</i> ²⁰⁰²	Dnt har om lag 800 døme på <i>medleмен</i> , og 880 døme på <i>medlemmen</i> .
<i>søma</i> el. <i>sømma</i> v.	<i>sømma</i> [søma] ²⁰⁰⁰ , <i>søma/sømma</i> ²⁰⁰²	30 døme på <i>søma</i> , 18 på <i>sømma</i> .

Enkel m er sideform

Gjeldande rettskriving	Tidl. framlegg	Merknad
<i>dom, dommen</i> [domen] m. (rettsavgjerd)	<i>dom, dommen</i> ²⁰⁰²	
<i>dommar</i> [domar] m.	<i>dommar</i> ²⁰⁰²	
<i>dommedag</i> [domedag] m.	<i>dommedag</i> ²⁰⁰²	
<i>dømma</i> [døma] v.	<i>dømma</i> ²⁰⁰²	
<i>gamal</i> [gamal] adj.	<i>gamal</i> ²⁰⁰²	
<i>kram, krammet</i> [kramet] n.	<i>kram, krammet</i> ²⁰⁰²	
<i>kram, kramme</i> [krame] adj.	<i>kram, kramme</i> ²⁰⁰²	
<i>kummar</i> [kumar] m. (knopp; racle)	<i>kummar</i> ²⁰⁰²	
<i>lam, lamme</i> [lame] adj.	<i>lam, lamme</i> ²⁰⁰²	
<i>lamma</i> [lama] v. (gjera lam)	<i>lamma</i> ²⁰⁰²	
<i>plomme</i> [plome] f.	<i>plomme</i> ²⁰⁰²	
<i>ram, ramme</i> [rame] adj. (stram)	<i>ram, ramme</i> ²⁰⁰²	
<i>ramma</i> [rama] v. (vera ram i smaken)	<i>ramma</i> ²⁰⁰²	
<i>ramma</i> [råma] v. (setja ramme på)	<i>ramma</i> ²⁰⁰²	
<i>ramma</i> [råma] v. (råka)	<i>ramma</i>	<i>Ramma</i> var ikkje med i denne tydinga i 2002, men det er rimeleg at det går likt som <i>ramma</i> i tyding 'setja ramme på'.
<i>rom, rommet</i> [romet] n.	<i>rom, rommet</i> ²⁰⁰²	
<i>romma</i> [roma] v. (ha plass til)	<i>romma</i> ²⁰⁰²	
<i>rømme</i> [røma] v. (romma; flykta)	<i>rømme</i> ²⁰⁰²	
<i>rømme</i> [rjome] m.	<i>rømme</i> ²⁰⁰²	
<i>skum, skummet</i> [skumet] n.	<i>skum, skummet</i> ²⁰⁰²	
<i>skumma</i> [skuma] v. (laga skum)	<i>skumma</i> ²⁰⁰²	
<i>sommar</i> [sumar] m.	<i>sommar/sumar</i> ²⁰⁰²	Dnt har 570 belegg på <i>sumar</i> og 2440 belegg på <i>sommar</i> . <i>Sumar</i> er brukt hjå mange austlendingar:

		Noss, Høydal, Kolloen, Vesaas, Hallingdølen, men også hjå vestlendingar: Heggland, Bjørkum. <i>Sommar</i> er mykje brukt i DT, SS, hjå Furre og Hovdhaugen.
<i>somme</i> [sume] determ	<i>somme/sume</i> ²⁰⁰²	Dnt har 35 døme på <i>sume</i> ; mange hundre døme på <i>somme</i> .
<i>stam, stamme</i> [stame] adj.	<i>stam, stamme</i> ²⁰⁰²	
<i>stamma</i> [stama] v. (stotra)	<i>stamma</i> ²⁰⁰²	
<i>stram, stramme</i> [strame] adj.	<i>stram, stramme</i> ²⁰⁰²	
<i>tam, tamme</i> [tame] adj.	<i>tam, tamme</i> ²⁰⁰²	
<i>temja</i> [temma] v.	<i>temja/temma</i> ²⁰⁰²	Det er rimeleg at <i>temja</i> og <i>fremja</i> blir bøygde på same måten.
<i>tom, tomme</i> [tome] adj.	<i>tom, tomme</i> ²⁰⁰²	
<i>tømme</i> [tøma] v.	<i>tømme</i> ²⁰⁰²	

Vurdering:

Gjennomgåande er det formene med dobbel m som er mest i bruk. Eit viktig unntak er det frekvente verbet *å koma*, der forma med enkel m klart er den mest brukte.

Når det gjeld orda der m og mm har vore valfrie til no, er det nok klokt å halda på valfridommen i dei orda som er frekvente. I mindre frekvente ord bør det halda med ei form. Stort sett føreslår eg at me følgjer innstillinga frå 2002.

Mange av orda ovanfor har ei klammeform som både 2000- og 2002-nemnda har føreslått å stryka, jf. ovanfor, og eg har ikkje undersøkt kor utbreidde dei klammeformene er. For å stramma inn noko, som jo er mandatet vårt, og samtidig ikkje fjerna mykje brukte former, synest det fornuftig å ta bort noverande sideformer med enkel m. Eg føreslår altså at me følgjer dei samrøystes innstillingane frå 2002 her.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:
<i>m/mm er jamstelte:</i>	
<i>bramma</i> v. (sjå godt ut, skryta)	<i>brama</i>
<i>brudgom, brudgomen/brudgommen</i> m.	
-dom, -domen/-dommen suffiks	
-døme/-dømme suffiks (t.d. <i>bispedøm(m)e</i>)	
<i>fremja</i> el. <i>fremma</i> v.	
<i>hamar</i> el. <i>hammar</i> m.	
<i>homma</i> v. (få hest til å ryggja)	<i>homa</i>
<i>kimming</i> f. (synsrand)	<i>kiming</i>
<i>koma</i> el. <i>komma</i> v.	
<i>lem, lemen/lemmen</i> m. (kroppsdel)	
<i>lema</i> el. <i>lemma</i> v. (partera)	
<i>lom, lomen/lommen</i> m.	
<i>medlem, medlemen/medlemmen</i> m.	
<i>søma</i> el. <i>sømme</i> v.	
<i>Enkel m er klammeform no</i>	
<i>dom, dommen</i> m. (rettsavgjerd)	<i>[domen]</i>

<i>dommar</i> m.	[domar]
<i>dommedag</i> m.	[domedag]
<i>dømme</i> v.	[døma]
<i>gammal</i> adj.	[gamal]
<i>kram, krammet</i> n.	[kramet]
<i>kram, kramme</i> adj.	[krame]
<i>kummar</i> m. (knopp; rakle)	[kumar]
<i>lam, lamme</i> adj.	[lame]
<i>lamme</i> v. (gjera lam)	[lama]
<i>plomme</i> f.	[plome]
<i>ram, ramme</i> adj. (stram)	[rame]
<i>ramma</i> v. (vera ram i smaken)	[rama]
<i>ramma</i> v. (setja ramme på)	[råma]
<i>ramma</i> v. (råka)	[råma]
<i>rom, rommet</i> n.	[romet]
<i>romma</i> v. (ha plass til)	[roma]
<i>rømme</i> v. (romma; flykta)	[røma]
<i>rømme</i> m.	[rjome]
<i>skum, skummet</i> n. (laga skum)	[skumet]
<i>skumma</i> v.	[skuma]
<i>stam, stamme</i> adj. (som stammar)	[stame]
<i>stamma</i> v. (stotra)	[stama]
<i>stram, stramme</i> adj.	[strame]
<i>sommar</i> el. <i>sumar</i> m.	
<i>somme</i> el. <i>sume</i> determ	
<i>tam, tamme</i> adj.	[tame]
<i>temja</i> v. el. <i>temma</i>	
<i>tom, tomme</i> adj.	[tome]
<i>tømme</i> v.	[tøma]

Drøfting av n/nn, t/tt og k/kk i gamle kortstava ord, og andre konsonantvariantar

n/nn:

Gjeldande rettskriving	Tidl. framlegg	Merknad
<i>dana</i> el. <i>danna</i> v.	<i>dana/danna</i> ²⁰⁰²	Dnt har 340 døme på <i>danna</i> i ulike avleiingar; eitt døme på <i>dana</i> . Det synest klart at <i>dana</i> er lite brukt i skrift.
<i>drøn</i> el. <i>drønn</i> n.	<i>drøn/drønn</i> ²⁰⁰²	Dnt har 4 døme på <i>drøn</i> , 35 døme på <i>drønn</i> . Verbet <i>drønna</i> blir skriva med to n-ar, men er i dag klammeform til <i>drynja</i> .
<i>lining</i> el. <i>linning</i> f. el. m.	<i>lining/linning</i> ²⁰⁰²	Det er ingen døme på <i>lining</i> i Dnt; 28 døme på <i>linning</i> .
<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. (betaling)	<i>løn/lønn</i> ²⁰⁰²	<i>Løn</i> er i klar overvekt, om lag 660 treff, mens det er om lag 290 døme på <i>lønn</i> , i tydinga 'betaling'.
<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. el. m. (tre)	<i>løn/lønn</i> ²⁰⁰²	Eg finn ingen døme på <i>løn</i> i denne tydinga i Dnt; 10 døme på <i>lønn</i> .
<i>mon</i> el. <i>monn</i> m.	<i>mon/monn</i> ²⁰⁰²	Dnt har ca. 130 døme på <i>mon</i> , 90 døme på <i>monn</i> . Når det gjeld verbet, er det berre 4 døme på <i>mona</i> , og 21 døme på <i>monna</i> .
<i>skjøn</i> el. <i>skjønn</i> n.	<i>skjøn/skjønn</i> ²⁰⁰²	Substantivet <i>skjøn</i> får om lag 150 treff, <i>skjønn</i> 220

		treff. Verbet <i>skjøna</i> får godt 800 treff, mens <i>skjønna</i> får om lag 165.
<i>støn</i> el. <i>stønn</i> n.	<i>støn/stønn</i> 2002	<i>Støn</i> får 5 treff; <i>stønn</i> 50.
<i>tenar</i> el. <i>tennar</i> m. (hardved)	<i>tenar/tennar</i> 2000	Det er rundt 50 døme på <i>tennar</i> , men eg greier ikkje finna nokon døme på <i>tenar</i> i tydinga 'hardved'.
<i>ven</i> el. <i>venn</i> m.	<i>ven/venn</i> 2002	Dnt har ca. 350 døme på <i>ven</i> , mens det er godt 200 døme på <i>venn</i> .
<i>venja</i> [<i>venna</i>] v.	Delt 2002	Det er 110 døme på <i>venja</i> , og 50 døme på <i>venna</i> .

t/tt:

<i>brot</i> el. <i>brott</i> n.	<i>brot/brott</i> 2002	Det er heile 870 døme på <i>brot</i> i Dnt, og berre 23 døme på <i>brott</i> . Av dei 23 døma er 13 <i>brottsjø</i> . Her er tydeleg <i>brott</i> - einerådande; <i>brottsjø</i> finst ikkje i materialet.
<i>kjøt</i> el. <i>kjøtt</i> n.	<i>kjøt/kjøtt</i> 2002	Dnt har om lag 660 døme på <i>kjøt</i> , og 280 døme på <i>kjøtt</i> .
<i>kott</i> [<i>kot</i>] n.	<i>kott</i> el. <i>kot</i> 2002	Det er 4 døme på <i>kot</i> , og om lag 100 døme på <i>kott</i> .
<i>krøter</i> el. <i>krøtter</i> n.	<i>krøter/krøtter</i> 2002	<i>Krøter</i> får om lag 75 treff, <i>krøtter</i> 135 treff.
<i>let</i> el. <i>lett</i> m. (farge)	<i>let</i> 2000, 2002	Det er 34 døme på <i>let</i> i tydinga 'farge', men eg finn ingen døme på <i>lett</i> .
<i>lut</i> el. <i>lott</i> m.	<i>lut/lott</i> 2002	Det er ca. 60 døme på <i>lut</i> og 10 døme på <i>lott</i> i materialet. Døma stadfestar det språkkjensla mi seier: Dei to variantane av ordet blir brukte på ulike område. <i>Lut</i> blir brukt i tydinga 'aksje, del', mens <i>lott</i> blir brukt om 'del av avkasting, særleg i fiske'. Spørsmålet er om orda for framtida kan førast opp som separate ord med ulike tydingar.
<i>nett</i> [<i>net</i>] n.	<i>nett</i> el. <i>net</i> 2002	Det er 2 døme på <i>net</i> , og 630 døme på <i>nett</i> i materialet, av dei svært mange samansetningar som går på <i>nettverk</i> , <i>nettavis</i> osv.
<i>nøtt</i> [<i>not</i>] (og <i>nate</i> - el. <i>nøtte</i> -) f.	<i>nøtt</i> el. <i>not</i> (og <i>nate</i> - el. <i>nøtte</i> -) 2002	Det er eitt døme på <i>nòt</i> (eg søkte òg på <i>not</i>), og 180 døme på <i>nøtt</i> i Dnt.
<i>set</i> [<i>sett</i>] n. (det å setja, noko som er sett)	<i>set</i> 2002	Det er vanskeleg å finna døme på <i>set</i> , fordi ein får tilslag på store mengder homografar. Men eg finn ingen døme på <i>set</i> i denne tydinga. Ordet er t.d. brukt i uttrykket "i eitt set".
<i>setja</i> , <i>set</i> [<i>sette</i> , <i>sett</i>] v.	<i>setja</i> , <i>set</i> el. <i>sette</i> , <i>sett</i> 2002	Når eg søker på verb i infinitiv, får eg om lag 960 treff på <i>setta</i> og 950 på <i>setja</i> . Når det gjeld presensforma, er det 960 treff på <i>set</i> , og ingen på <i>sett</i> ! Det stemmer med mi språkkjensle; eg opplever infinitiv <i>setta</i> som ei vanleg form, men presens <i>sett</i> som ei konstruert form. Det bør vera høve til å bruka <i>set</i> i presens sjølv om ein bruker infinitivsforma <i>setta</i> .
<i>sitja</i> , <i>sit</i> , <i>sat</i> [<i>sitta</i> , <i>sitt</i> , <i>satt</i>] v.	<i>sitja</i> , <i>sit</i> , <i>sat</i> el. <i>sitta</i> , <i>sitt</i> , <i>satt</i> 2002	Dnt har 960 døme på <i>sitja</i> og 560 døme på <i>sitta</i> . Dessutan er det ca. 800 døme på <i>sit</i> i presens, men ingen på <i>sitt</i> . Jf. merknaden til <i>setta</i> , <i>sett</i> . Etter dagens norm er det rett nok lov til å skriva <i>sitter</i> , som nok kjennest meir brukeleg for fleire enn <i>sitt</i> . Men det inneber at dei må bruka -er i presens av alle sterke verb, og det er det så å seia ingen som

		gjennomfører. Så vidt eg kan sjå, er det 2 døme på <i>sitter</i> i nynorske sitat, og ein god del frå bokmålssitat som ligg inni dei nynorske tekstane i Dnt.
<i>skit</i> el. <i>skitt</i> m.	<i>skit/skitt</i> ²⁰⁰²	Eg finn om lag 300 døme på <i>skit</i> og 150 døme på <i>skitt</i> , av dei mange i samansetningar som <i>skittjobb</i> .
<i>skiten</i> el. <i>skitten</i> adj.	<i>skiten/skitten</i> ²⁰⁰²	Dnt har om lag 60 døme på <i>skiten</i> eller samansetningar med <i>skiten</i> , og om lag 70 døme på <i>skitten</i> .
<i>skot</i> el. <i>skott</i> n.	<i>skot/skott</i> ²⁰⁰²	Dnt har godt over 900 døme på <i>skot</i> , og berre 30 døme på <i>skott</i> . I samansetningar er <i>-skott</i> noko meir brukt, fordi det blir brukt ein del i offentlege dokument, t.d. <i>forskottera</i> , <i>overskott</i> , <i>påskot</i> , <i>tilskott</i> . Eg fann ca. 175 døme på <i>-skott</i> i samansetningar.
<i>skott</i> el. <i>skut</i> m. (rom i båt)	<i>skut/skott</i> ²⁰⁰²	Det er berre få døme på <i>skott</i> og <i>skut</i> i denne tydinga. <i>Skut</i> kan òg tyda 'påbygg på hus', og har same opphav som <i>skut</i> 'rom i båt' (verbet <i>skyta</i>). Men i den tydinga har det ikkje sideforma <i>skott</i> .
<i>vit</i> el. <i>vett</i> n.	<i>vit/vett</i> ²⁰⁰²	Dnt-materialet syner ca. 60 døme på <i>vit</i> og 190 på <i>vett</i> .
<i>vita</i> el. <i>veta</i> v.	<i>vita/veta</i> ²⁰⁰²	Verbet <i>vita</i> får 530 treff, mens <i>veta</i> får 90. Mange vestlendingar kan nok tenkja seg å skriva <i>veta</i> , men synest det er framandt å skriva <i>vett</i> .
<i>vitug</i> el. <i>vettug</i> , <i>vitig</i> el. <i>vettig</i> adj.	<i>vitug/vettug</i> ²⁰⁰²	Dnt har 70 døme på <i>vettug</i> , 7 på <i>vettig</i> . Det har 43 døme på <i>vitug</i> og 23 døme på <i>vitig</i> .

k/kk

<i>fok</i> el. <i>fokk</i> n.	<i>fok/fokk</i> ²⁰⁰²	Dnt har ingen døme på <i>fok</i> , men 17 døme på <i>fokk</i> .
<i>kjøken</i> el. <i>kjøkken</i> n.	<i>kjøken/kjøkken</i> ²⁰⁰²	Det er ca. 700 treff på <i>kjøken</i> og 850 på <i>kjøkken</i> .
<i>lek</i> el. <i>lekk</i> m. (lekkasje), <i>lek</i> el. <i>lekk</i> adj.	<i>lek/lekk</i> ²⁰⁰²	Eg finn berre eitt døme på substantivet <i>lek</i> , ingen på <i>lekk</i> . Når det gjeld adjektivet, er det 3 døme på <i>lek</i> og 7 døme på <i>lekk</i> .
<i>lok</i> el. <i>lokk</i> n.	<i>lok/lokk</i> ²⁰⁰²	Dnt har 10 døme på <i>lok</i> og 30 døme på <i>lokk</i> .
<i>møk</i> el. <i>møkk</i> f.	<i>møk/møkk</i> ²⁰⁰²	Det er om lag 100 døme på <i>møk</i> , og 220 på <i>møkk</i> i Dnt.
<i>rok</i> el. <i>rokk</i> n.	<i>rok/rokk</i> ²⁰⁰²	Her er berre nokre få døme – 12 på <i>rok</i> og 5 på <i>rokk</i> .

d/o

<i>mo</i> el. <i>mod</i> adj. (trøytt)	<i>mod</i> ²⁰⁰⁰	Ingen døme på <i>mo</i> eller <i>mod</i> .
<i>speia</i> el. <i>speida</i> v.	<i>speida</i> ²⁰⁰⁰	Ingen døme på <i>speia</i> ; 56 døme på <i>speida</i> .
<i>speiar</i> el. <i>speidar</i> m.	<i>speidar</i> ²⁰⁰⁰	3 døme på <i>speiar</i> ; 100 døme på <i>speidar</i> .

d/dd

<i>nudel</i> el. <i>nuddel</i> m.	<i>nudel</i> ²⁰⁰⁰	3 døme på <i>nudel</i> , ingen på <i>nuddel</i> . Det er eit tysk lånnord, og sjølv om nynorsk skal normerast på eige grunnlag, kan det vera greitt om lånnord blir normerte likt i nynorsk og bokmål, så langt det er råd. Bokmål har <i>nudel</i> .
-----------------------------------	------------------------------	---

d/t

<i>flit</i> el. <i>flid</i> m.	<i>flid</i> [<i>flit</i>] ²⁰⁰⁰ , <i>flid</i> ²⁰⁰²	Dnt har ca. 250 dømme på <i>flid</i> åleine eller i samansetningar; 5 dømme på <i>flit</i> .
<i>mod</i> el. <i>mot</i> n.	<i>mot</i> [<i>mod</i>] ²⁰⁰⁰ , <i>mot</i> ²⁰⁰²	Det er 18 dømme på <i>mod</i> , og 40 dømme på <i>mot</i> .
<i>moda</i> el. <i>mota</i> v.	<i>mota</i> [<i>moda</i>] ²⁰⁰⁰ , <i>mota</i> ²⁰⁰²	Det er 33 dømme på <i>moda</i> og 40 dømme på <i>mota</i> . Dei fleste døma på <i>moda</i> er frå Uppdal og Heggland.
<i>radt</i> [<i>ratt</i>] adv.	<i>radt</i> ²⁰⁰⁰	Dnt har 730 dømme på <i>radt</i> og ca. 45 dømme på <i>ratt</i> i tydinga 'snart; heilt fram'.
<i>sludd</i> el. <i>slut</i>	<i>sludd</i> [<i>slut</i>] ²⁰⁰⁰ , <i>sludd</i> ²⁰⁰²	Det er godt 70 dømme på <i>sludd</i> i materialet; ingen på <i>slut</i> .
<i>tidt</i> el. <i>titt</i> adv.	<i>tidt</i> ²⁰⁰⁰	Det er 30 dømme på <i>tidt</i> og over 100 dømme på <i>titt</i> i Dnt. Sjølv om <i>titt</i> ser ut til å vera mest brukt, bør <i>tidt</i> framleis vera med, m.a. pga. samsvaret med <i>radt</i> .

g/o

<i>blei</i> el. <i>bleig</i> m.	<i>bleig</i> ²⁰⁰⁰	Det er 4 dømme på <i>bleig</i> , ingen på <i>blei</i> , men det er jo heller ikkje noko frekvent ord.
<i>bøying</i> el. <i>bøygning</i> f.	Ikkje vurdert før.	<i>Bøying</i> får 270 treff, <i>bøygning</i> 13 treff.
<i>drya</i> el. <i>dryga</i> v.	<i>dryga</i> ²⁰⁰⁰	Det er få treff på <i>drya</i> og <i>dryga</i> : 4 på <i>drya</i> og 3 på <i>dryga</i> , så det har lite å seia.
<i>mue</i> el. <i>muge</i> f. (dunge)	<i>muge</i> [<i>mue</i>] ²⁰⁰⁰ , <i>muge</i> ²⁰⁰²	Det er berre 4 dømme på <i>mue</i> , ingen på <i>muge</i> , – det er jo òg eit lite frekvent ord.
<i>stig</i> [<i>sti</i>] m.	<i>sti</i> / <i>stig</i> ²⁰⁰²	Det er ca. 25 dømme på <i>sti</i> , og 120 dømme på <i>stig</i> i materialet. Det som talar for å behalda <i>sti</i> i tillegg til <i>stig</i> , er at mange talemål manglar g-en, og det er såleis ikkje lett å vita at det må vera ein g i slutten av ordet.
<i>trua</i> el. <i>truga</i> v.	<i>truga</i> [<i>trua</i>] ²⁰⁰⁰ , <i>trua</i> / <i>truga</i> v. ²⁰⁰²	Materialet viser at <i>truga</i> står klart mykje sterkare enn <i>trua</i> . Det som talar for å behalda båe, er at <i>trussel</i> står mykje sterkare enn <i>trugsel</i> , som har samanheng med <i>truga</i> .
<i>trugsel</i> el. <i>trussel</i> m.	<i>trugsel</i> [<i>trussel</i>] ²⁰⁰⁰ , <i>trugsel</i> / <i>trussel</i> m. ²⁰⁰²	23 dømme på <i>trugsel</i> i materialet; fleire hundre dømme på <i>trussel</i> .

g/gg

<i>nag</i> el. <i>nagg</i> n. (agg, hat)	<i>nag</i> ²⁰⁰⁰	Dnt har eitt dømme på <i>nagg</i> , 43 dømme på <i>nag</i> .
--	----------------------------	--

p/pp

<i>kopar</i> [<i>koppar</i>] m.		Det er om lag 280 dømme på <i>kopar</i> , og rundt 30 på <i>koppar</i> .
<i>nupereller</i> el. <i>nuppereller</i> s.fl. (kniplingsarbeid)	<i>nupereller</i> ²⁰⁰⁰	Det er 2 dømme på <i>nupereller</i> , ingen på <i>nuppereller</i> . Dette er eit lånord som bør vera likt i begge målformer. Bokmål har òg <i>nupereller</i> .
<i>papa</i> el. <i>pappa</i> m.	<i>pappa</i> ²⁰⁰⁰	Det er 45 dømme på <i>papa</i> , og ca. 900 dømme på <i>pappa</i> i Dnt-materialet.

Vurdering

Når det gjeld n og nn, ser det ut til at variantane med dobbel n for det meste er dei som står sterkast. Men det finst unntak, som *løn* og *mon*.

Når det gjeld enkel og dobbel konsonant i dei andre konsonantgruppene, er det vanskeleg å lesa nokon regel ut av funna i materialet. I nokre ord er det forma med enkel konsonant som er rådande, t.d. *brot*, *skot*, *kopar*, mens det for andre er forma med dobbel konsonant, t.d. *nett*, *nøtt*, *møkk*, *pappa*. Ein ting er klart: Det let seg ikkje gjera å laga ein allmenn regel om enkel eller dobbel konsonant for orda ovanfor.

Mange av orda som her er behandla, er heller lite frekvente, og bør kunna greia seg med ei form. I mange tilfelle er det lett å sjå at ei form er meir i bruk enn ei anna, og å gjera eit val. I andre tilfelle står dei to variantane jamsterkt, og det er vanskeleg å stryka den eine. Er det forholdsvis allmenne ord, er det best å la begge formene stå, ut frå prinsippet om at "variantar som står sterkt, skal jamstellast".

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:
<i>n/nn</i>	
<i>danna</i> v.	<i>dana</i>
<i>drønn</i> n.	<i>drøn</i>
<i>linning</i> f. el. m.	<i>lining</i>
<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. (betaling)	
<i>løn</i> el. <i>lønn</i> f. el. m. (tre)	
<i>mon</i> el. <i>monn</i> m.	
<i>skjøn</i> el. <i>skjønn</i> n.	
<i>stønn</i> n.	<i>støn</i>
<i>tennar</i> m. (hardved)	<i>tenar</i>
<i>ven</i> el. <i>venn</i> m.	
<i>venja</i> el. <i>venna</i> v.	
<i>t/tt</i>	
<i>brot</i> el. <i>brott</i> n.	
<i>kjøt</i> el. <i>kjøtt</i> n.	
<i>kott</i> n.	<i>[kot]</i>
<i>krøter</i> el. <i>krøtter</i> n.	
<i>let</i> m. (farge)	<i>lett</i>
<i>nett</i> n.	<i>[net]</i>
<i>nøtt</i> f.	<i>[not]</i> (og nate-)
<i>set</i> el. <i>sett</i> n. (det å setja, noko som er sett)	
<i>setja</i> el. <i>setta</i> , <i>set</i> v.	<i>[sett]</i>
<i>sitja</i> el. <i>sitta</i> , <i>sit</i> , <i>sat</i> v.	<i>[sitt, satt]</i>
<i>skit</i> el. <i>skitt</i> m.	
<i>skiten</i> el. <i>skitten</i> adj.	
<i>skot</i> el. <i>skott</i> n.	
<i>skott</i> el. <i>skut</i> m. (rom i båt)	
<i>vit</i> el. <i>vett</i> n.	
<i>vita</i> el. <i>veta</i> v.	
<i>vitug</i> el. <i>vettug</i> , <i>vitig</i> el. <i>vettig</i> adj.	

k/kk	
<i>fok</i> el. <i>fokk</i> n.	
<i>kjøken</i> el. <i>kjøkken</i> n.	
<i>lek</i> el. <i>lekk</i> m. (lekkasje), <i>lek</i> el. <i>lekk</i> adj.	
<i>lok</i> el. <i>lokk</i> n.	
<i>møk</i> el. <i>møkk</i> f.	
<i>rok</i> el. <i>rokk</i> n.	
d/o	
<i>mod</i> adj. (trøytt)	<i>mo</i>
<i>speida</i> v.	<i>speia</i>
<i>speidar</i> m.	<i>speiar</i>
d/dd	
<i>nudel</i> m.	<i>nuddel</i>
d/t	
<i>flid</i> m.	<i>flit</i>
<i>mot</i> n.	<i>mod</i>
<i>mota</i> v.	<i>moda</i>
<i>radt</i> adv.	<i>[ratt]</i>
<i>sludd</i>	<i>slut</i>
<i>tidt</i> el. <i>titt</i> adv.	
g/o	
<i>bleig</i> m.	<i>blei</i>
<i>bøying</i> f.	<i>bøygning</i>
<i>dryga</i> v.	<i>drya</i>
<i>sti</i> el. <i>stig</i> m. (skogs-)	
<i>trua</i> el. <i>truga</i> v.	
<i>trugsel</i> el. <i>trussel</i> m.	
g/gg	
<i>nag</i> n.	<i>nagg</i>
p/pp	
<i>kopar</i> m.	<i>[koppar]</i>
<i>nupereller</i> s.fl. (kniplingsarbeid)	<i>nuppereller</i>
<i>pappa</i> m.	<i>papa</i>

Desse formene blir ståande i ny rettskriving som separate oppslagsord:

<i>lut</i> m.	<i>lott</i> m.
---------------	----------------

Former med og utan j etter g og k (typen tenkje/tenke, bryggje/brygge)

Som me kan lesa i *Nynorskrettskrivinga* s. 48, kan ein god del verb og svake hokjønnsord skrivast med eller utan j etter gjeldande rettskriving. Formene utan j er stort sett sideformer i dag. Det gjeld desse orda:

Verb:

ggj

bleggja, bryggja, byggja, deggja, eggja, glyggja, hyggja, klengja, kneggja, leggja, liggja, nuggja, ryggja, skjeggja, skyggja, sleggja, styggja, tryggja, tyggja

ngj

brennja, dengja, dyngja, flengja, hengja, lengja, mengja, (v)rengja, ringja, sengja, slengja, stengja, strengja, trengja

kj

bleikja, brikja, bøkja, bøykja, eikja, flikja, føykja, hykja, kikja, klyngja, krøkja, kveikja, likjast, mykja, møykja, rikja, røykja, skrækja, sleikja, slikja, smeikja, snikja, spekja, sprikja, spækja, spøkja, steikja, søkja, veikja, vikja

kkj

blekkja, dekkja, flekkja, klekkja, klykkja, kløkkja, knekkja, kvekkja, lekkja, nykkja, rekkja, rykkja, skjekkja, skjekkja, skrykkja, sløkkja, sprekkja, sprengja, stekka, strekkja, stykkja, støkkja, svekkja, svengja, søkkja, tekkja, trekkja, trykkja, tykkja, vekkja, rykkja

nkj

benkja, blenkja, enkja, krenkja, lenkja, skjenkja, tenkja

Svake hokjønnsord:

ggi

bryggje, sleggje, tyggje (og partisippet -veggja [-vegga])

ngj

brennje, dengje, fengje, flengje, hengje, hyggje, klengje, klyngje, lengje, (v)rengje, ringje, slengje, slyngje, vengje

kj

skjøkje, skrikje, sløkje

kkj

krykkje (stav), lykkje, drykkje, rekkje

nkj

enkje

Desse orda har berre j: *bikkje, ikkje, krykkje* (slekt av måsar)

Vurdering

Dei fleste orda ovanfor har til no hatt -gj- eller -kj- som hovudform og -g- eller -k- som sideform. Unntaka er verba *enkja* med jamstelt form *enka* (jamra) og *ryggja* med jamstelt form *rygga*.

Som det står i *Nynorskrettskrivinga* (s. 49), har skrivemåte med eller utan j etter g og k framfor endingsvokal alltid vore eit vanskeleg spørsmål i nynorsk. Aasen vakla sjølv noko i skrivemåten av palatale lydar, og rettskrivingsendringar har ført til litt ulik praksis.

I dag har me skrivemåten med j etter g og k i:

- sterke verb, infinitiv
- e-verb infinitiv og presens
- a-verb, alle former
- svake hokjønnsord

Det som talar **for** at me framleis skal ha formene med j, er:

- Skriftradisjonen (desse formene har vore hovudformer til no, og står sterkt i folks skriftbilette)
- Mange dialektar har hatt og har til dels enno palatal uttale

Det som talar **mot** at me framleis skal ha formene med j, er:

- Det blir framleis mange ordvariantar.

Det som talar **for** at me framleis skal ha formene utan j, er:

- Desse formene er på full frammarsj, og står sterkt særleg i tekstar skrivne av unge menneske)
- Mange dialektar er i ferd med å mista den palatale uttalen, eller har aldri hatt det.

Det som talar **mot** at me framleis skal ha formene utan j, er:

- Det blir framleis mange ordvariantar.
- Formene utan j fell saman med bokmål, og det er grunn til å tru at dei blir tekne i bruk til dømes i lærebøker, og fortrengrer dei meir tradisjonelle formene med j.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Det skal framleis vera valfridom mellom skrivemåtane gj og kj på den eine sida og g og k på den andre sida, i former som har det i dag.

6 FORMVERKET

SUBSTANTIV

Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa:

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 232–237 (2000-forslaga)

Nynorskrettskrivinga (Nyn) s. 54–70, 210–213 (2002-forslaga)

Litteratur som er brukt i arbeidet:

Nynorskordboka, 4. utgåve 2006 (NOB)

Norsk Ordbok (NO)

Rommetveit: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

VALFRITT GENUS

Nemnda som la fram *Nynorskrettskrivinga*, gjekk samrøystes inn for at dei substantiva som har valfritt genus i gjeldande rettskriving, får halda på det. Unntaket er *trast/trost*, som får berre hankjønnsbøying. Nemnda slutta seg dessutan til framlegget frå 2000 om visse endringar i genus på ord som endar på *-ing* eller *-ning*.

2000-utgreiinga har to framlegg til endringar av genus på ord: *bise* og *trast/trost*. I tillegg kom det framlegg om endringar i bøyingsmønsteret av ein del ord, men det kjem me attende til under dei ulike ordklassane.

Vurdering

Som 2002-nemnda er inne på, ville det kravd eit omfattande grunnlagsarbeid å undersøkje utbreiing og frekvens av alle orda som i dag har to genus. Skulle me gjera det, måtte me hatt meir ressursar i nemnda. Men som den førre nemnda òg seier, er det neppe noka ulempe for nynorsken at ord har valfritt genus. Det inneber at fleire kan bøya substantiva i samsvar med talemålet sitt, utan å måtta slå opp og sjekka kva for genus ordet har i rettskrivinga. At substantiv har to ulike bøyingsmønster, er truleg heller ikkje spesielt forstyrrande for den som skal læra nynorsk. Dei færreste vil leggja merke til at det står *ei plante* i ein tekst, og *ein plante* i ein annan tekst. Derimot kan det vera ei utfordring å få språkbrukarane til å vera konsekvente innanfor ein og same tekst, og bruka hankjønnsmønsteret, ev. hokjønnsmønsteret konsekvent på eitt og same ord. Men dét er ei utfordring anten nynorske ordlister har ordet oppført med eitt eller to bøyingsmønster.

Det kunne òg ha vore aktuelt å vurdera fleire ord med tanke på å endra kjønn, slik 2002-nemnda føreslo for ordet *bise*, eller innføra valfritt kjønn ved ord som i dag har berre eitt kjønn. Eg vil koma med framlegg om at ordet *dialekt* skal kunna vera anten hankjønns- eller hokjønnsord. I dag er det berre hankjønnsord, men i mange målføre er det hokjønnsord, og mange som har det som hokjønnsord, skriv det òg slik. Eit søk i korpuset gjev rett nok berre 11 treff på *dialekta* og eitt på *dialekter* (Hallingdølen, Kolloen, VestNytt, Firda), men ordet har då heller aldri vore oppført som hokjønnsord i ordlistene.

Når det gjeld *-ing-* og *-ning-*ord, vil eg tilrå at nemnda sluttar seg til forslaget i *Nynorskrettskrivinga*.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Endring av kjønn på ord

Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Denne bøyinga gjeld i dag:
<i>bise</i> -a, -er, -ene	<i>bise</i> -en, -ar, -ane
<i>dialekt</i> -a, -er, -ene; el -en, -ar, -ane	<i>dialekt</i> -en, -ar, -ane
<i>trast</i> el. <i>trost</i> -en, -ar, -ane	<i>trast</i> el. <i>trost</i> -a, -er, -ene; el -en, -ar, -ane

-ing/-ning

- 1 Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnsuffiks.
- 2 Verbalsubstantiv med *-(n)ing* er hokjønnsord utan unntak (t.d. *utbygging, forvalt(n)ing*).
- 3 Nemningar på personar og dyr på *-(n)ing* er hankjønnsord (t.d. *sørlending, villstyring, flyktning, slektning*) unnateke når det biologiske kjønn tilseier hokjønnsord (t.d. *dronning, kjerring*).
- 4 Desse orda med suffikset *-ning* er valfritt hokjønns- eller hankjønnsord: *anretning, binding* (ski-), *festning, fletning* (flettverk), *forlegning* (militær-), *frysning, halvning* (halvpart), *klovning* (kløyvd stokk), *kokning* (porsjon kokt på ein gong), *krysning, legning, linning, lysning* (i skogen), *løysning* (oppløyst stoff), *munning, pakning, pasning, rivning, sikring* (elektrisk), *spenning* (= vidjering), *steikning, stikning*.¹
- 5 Desse orda med suffikset *-ing* eller utgang på *-ning* (ikkje suffikset *-ning*) er hankjønnsord: *allmenning, botning* (blindtarm el. fjerde magen på dyr), *bygning, doning* (kjøretøy), *dønning, gjødning, grunning* (= grunne), *honning, kledning, klining* (brød el. lefse), *-kroning* (t.d. femkroning), *krusning, ladning, leidning, penning, presenning, renning* (= rotskot), *terning, tinning, våning, -øring* (t.d. femøring).²

¹ Av denne bolken har i dag desse orda berre hankjønnsord: *fletning, forlegning, frysing, halvning, klovning, kokning, lysning, munning, rivning, spenning, steikning, stikning*. *Festning* er no obligatorisk hokjønnsord, dei andre er alt valfrie.

² Her er endring berre for *doning*, som no er valfritt hokjønnsord eller hankjønnsord.

2000-framlegget inneheld berre eitt framlegg som gjeld ei heil gruppe hankjønnsord, nemleg dei som endar på *-ium*. Dei blir behandla seinare, under framandord. I tillegg inneheld 2000- framlegget ein del framlegg til endringar i bøyingar av enkeltord. Også dei framlegga kjem samla etter framstillinga av store grupper av hankjønns-, hokjønns- og inkjekjønnsord.

2002-framlegget inneheld ei vurdering av ord som var i-stammar i norrønt, dvs. typen *benk* -en, -er [-ar], -ene [-ane]. Vidare er det ei vurdering av hankjønnsord som endar på *-nad* og på *-a*. Desse to gruppene har på 1900-talet fått same bøyingsmønster som i-stammene, sjølv om dei ikkje hadde det hjå Aasen.

Vurdering

Fleirtalet i 2002-nemnda gjekk inn for å jamstella fleirtalsbøyingane -er, -ene og -ar, -ane både i gamle i-stammar (typen *benk*, *vegg*) og i orda som endar på *-nad* og *-a*. I dag er formene med -er, -ene hovudformer og -ar, -ane sideformer. Ord på *-nad* og *-a* hadde -er, -ene som eineform frå 1959 til 1996.

Mindretalet gjekk inn for at hankjønnsord av typen *benk*, *vegg* skal ha valfri fleirtalsbøying, men at ord på *-nad* og *-a* skal ha fleirtal -er, -ene, som i den noverande læreboknormalen.

Eg tok ein stikkprøve i Det nynorske tekstkorpuset på to ord: *bunad* og *søknad*.

Bunader, bunadene: 100 treff

Bunadar, bunadane: 5 treff

Søknader, søknadene: ca. 200 treff

Søknadar, søknadane: 28 treff

Formene med -er og -ene er innarbeidde, og eg har ikkje vurdert å føreslå at dei går ut. Det realistiske alternativet er å jamstella -ar og -ane med -er og -ene når det gjeld i-stammene.

Gamle i-stammar

Argument **for** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Mange har ikkje -er i gamle i-stammar i dialekten sin, og då er det vanskeleg å læra seg kva for ord som skal ha ei form som skil seg frå hovudmønsteret.
- Jamsteller me fleirtalsbøyingane for gamle i-stammar, kan alle hankjønnsord som ikkje lett let seg skilja ut, bøyast etter hovudmønsteret for hankjønn: -en, -ar, -ane.

Argument **mot** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Dei tradisjonelle bøyingane -er og -ene kan bli fortrenge av hovudmønsteret -ar, -ane.

Hankjønnsord som endar på -nad eller -a

Argument **for** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Bøyinga -er, -ene for ord som endar på *-nad*, har ikkje talemålsgrunnlag.
- Jamsteller me fleirtalsbøyingane for alle dei tre gruppene, kan alle hankjønnsord bøyast etter hovudmønsteret for hankjønn: -en, -ar, -ane.

Argument **mot** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane i hankjønnsord som endar på *-nad* eller *-a*:

- Fleirtalsbøyinga -er, -ene er innarbeidd i desse gruppene og var eineform fram til 1996.
- Det blir valfri bøying i etter måten mange ord, fordi suffikset *-nad* er ekspansivt.
- Det er ikkje vanskeleg å læra at ord på *-nad* og *-a* skal ha ei særskild fleirtalsbøying.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

- Gamle i-stammar (typen *benk, vegg*) skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. -ar og -ane eller -er og -ene.
- Hankjønnsord på *-nad* og *-a* skal ha fleirtal -er, -ene som eineform.

2000-framlegget inneheld nokre framandord som er hokjønnsord. Dei blir behandla samla lenger nede.

2002-framlegget inneheld ei vurdering av ord som i norrønt hadde eit anna bøyingsmønster enn hovudmønsteret, og som i mange dialektar har fleirtalsbøyinga -ar, -ane. Det gjeld typen *elv* -a, -ar [-er], -ane [-ene]. Hokjønnsord som endar på *-ing*, har ein aldri vurdert å bøya med -er, -ene.

Vidare drøftar 2002-framlegget -a/-i i bunden form eintal av sterke hokjønnsord (og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord) – typen *sola* [*solij*], *taka* [*taki*].

Det tek òg opp fleirtalsformene [-or], [-one] i linne hokjønnsord.

Vurdering

Gamle o-stammar

Fleirtalet i 2002-nemnda gjekk inn for å jamstella fleirtalsbøyingane -ar, -ane og -er, -ene i gamle o-stammar (typen *elv*, *myr*). I dag er formene med -ar, -ane hovudformer og -er, -ene sideformer.

Argument **for** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Mange har ikkje -ar i gamle i-stammar i dialekten sin, og då er det vanskeleg å læra seg kva for ord som skal ha ei form som skil seg frå hovudmønsteret.
- Jamsteller me fleirtalsbøyingane for gamle o-stammar, kan alle hokjønnsord som ikkje lett let seg skilja ut, bøyast etter hovudmønsteret for hokjønn: -a, -er, -ene.

Argument **mot** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Dei tradisjonelle bøyingane -ar og -ane kan bli fortrenge av hovudmønsteret -er, -ene.

-a [-i] i bunden form eintal av sterke hokjønnsord

Fleirtalet i 2002-nemnda gjekk inn for å jamstella bunden form -i med bunden form -a i eintal av sterke hokjønnsord (*sola/soli*, *taka/taki*).

Mindretalet gjekk inn for at bunden form eintal av sterke hokjønnsord (og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord) får -a som eineform (*sola*, *taka*).

Argument **for** å jamstella dei to bøyingsmønsterane:

- Det er den dag i dag eit ganske stort talemålsgrunnlag for såkalla i-mål, viss ein reknar med alle område som har kløyvd hokjønn.
- I-målet er eit signaluttrykk for dei som ønskjer å bruka ein tradisjonell nynorsk.

Argument **mot** å jamstella dei to bøyingsmønsterane:

- I områda der i-målet står sterkt i talemålet, er det få som bruker i-målet i skrift.
- Sterke hokjønnsord og inkjekjønnsord utgjer ganske store ordgrupper, og det blir mange dobbeltformer.

-e [-a] i ubunden form eintal av svake hokjønnsord

Sideforma [-a] var ute av nynorsk rettskriving frå 1938 til 1983, då ho vart teken inn att (*ei vise [ei visa]*). 2002-nemnda gjekk inn for å fjerna denne sideforma.

Argument **for** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Skrivemåten [-a] i ubunden form eintal av svake hokjønnsord er eit signaluttrykk for dei som ønskjer å bruka ein tradisjonell nynorsk.

Argument **mot** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Ubunden form eintal [-a] av svake hokjønnsord er svært lite i bruk i skrift.

-er [-or], -ene [-one] i fleirtal av svake hokjønnsord

Sideformene [-or], [-one] vart sideform i nynorsk i 1938, og har vore det sidan (*ei vise, visa, viser [visor], visene [visone]*). 2002-nemnda gjekk inn for å fjerna fleirtalsformene [-or], [-one].

Argument **for** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Fleirtal [-or], [-one] er eit signaluttrykk for dei som ønskjer å bruka ein tradisjonell nynorsk.

Argument **mot** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Fleirtal [-or], [-one] er svært lite i bruk i skrift.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

- Gamle o-stammar (typen *elv, myr*) skal ha valfri fleirtalsbøying, dvs. -ar og -ane eller -er og -ene.
- Bunden form eintal av sterke hokjønnsord (og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord) får -a som eineform (*sola, taka*).
- Ubunden form eintal [-a] av svake hokjønnsord går ut or rettskrivinga.
- Fleirtalsformene [-or], [-one] av linne hokjønnsord på fell ut or rettskrivinga.

2002-nemnda la fram ei brei drøfting av dei tre orda *auge*, *hjarde* og *øyre* i *Nynorskrettskrivinga*. Desse orda har ei regelrett inkjekjønnsbøying i dag, og dessutan ei uregelrett bøying:

auge, auget, auge, auga

auga, auga, augo, augo

2002-nemnda gjekk inn for at desse orda skulle halda på valfridommen.

Argument **for** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Begge mønstera er mykje brukte i skrift, sjølv om det regelrette mønsteret dominerer.
- Valfridommen gjeld berre tre ord, og får ikkje konsekvensar for store grupper.

Argument **mot** å jamstella dei to fleirtalsbøyingane:

- Ingen.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Begge dei to bøyingsmønstera for *auge*, *hjarde* og *øyre* skal framleis gjelda i nynorsk.

ENKELTORD MED VALFRI BØYING I FLEIRTAL

I 2000-forslaget heiter det: Desse substantiva får redusert valfridom i fleirtal slik:

mann – mannen – menn [menner] – mennene (før: fl. menn/menner – mennene)

feil – feilen – feil [feilar] – feila [feilane] (før: fl. feil/feilar – feila/feilane)

sko – skoen – skor [sko] – skorne [skoa/skoi] (før: fl. sko/skor – skorne/skoa [skoi])

vom – vomma [vommi] – vommer [vemmer] – vommene [vemmene] (før: fl. vommer/vemmer – vommene/vemmene)

mus – musa [musi] – mus [myser] – musene [mysene] (før: fl. mus/myser – musene/mysene)

mil – mila [mili] – mil – milene (før: fl. mil/miler – milene)

møbel – møbelet – møblar [møbel] – møblane [møbla/møbli] (før: møb(e)let – møblar/møbel – møblane/møbla [møbli])

Vurdering:

Det synest fornuftig å avgrensa desse bøyningane for å unngå å ha så mange former. Sidan me no skal kutta bort sideformene, må me anten jamstella dei doble formene, eller velja ei av dei. Nokre av formene ovanfor blir borte dersom me følgjer forslaget om å ta bort i-målet.

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Desse formene blir ståande i ny rettskriving:	Denne forma går ut:
<i>mann – mannen – menn – mennene</i>	<i>menner</i>
<i>feil – feilen – feil – feila</i>	<i>feilar – feilane</i>
<i>sko – skoen – skor – skorne</i>	<i>sko – skoa [skoi]</i>
<i>vom – vomma – vommer – vommene [vemmene]</i>	<i>[vommi] – vemmer – vemmene</i>
<i>mus – musa – mus – musene</i>	<i>[musi] – myser – mysene</i>
<i>mil – mila – mil – milene</i>	<i>[mili] – miler</i>
<i>møbel – møbelet – møblar – møblane [møbla/møbli]</i> (før: – møblar/møbel – møblane/møbla [møbli])	<i>møblet – møbel – møbla [møbli]</i>

I 2000-forslaget heiter det:

Folkenamn på *-ar* skal bøyast regelrett i fleirtal, også dei som før hadde valfri form utan ending i ubunden form fleirtal, f.eks. *ein anglar – anglaren – fleire anglarar – anglarane* (før: *ein anglar – fleire anglar/anglarar – anglane/anglarane*).

Det blir endring for orda *anglar, baglar, dorar, fönikar, jonar, kimbrar, normannar, punar, skytar*.

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending (*-ar*) i ubestemt form eintal, f.eks. *ein afgghan(ar)*, får endinga obligatorisk, og bøyinga blir dermed *ein afgghanar – afgghanaren – afgghanarar – afgghanarane*.

Det gjeld desse orda: *afgghanar, afrikanar, albanar, andorranar, angolamar, antiguamar, bahamanar, biafranar, bolivianar, botswanar, bulgarar, chilamar, colombianar/kolombianar, costaricanar/kostarikanar, cubanar/kubamar, dominikanar, ecuadorianar, ekvatorialguineamar, fijianar, guatemalanar, guineamar, hellenar, honduranar, ivorianar, jamaicanar/jamaikanar, kambodsjanar, kenyanar, koreanar, maldivar, mallorcanar/mallorkanar, marokkanar, meksikanar/mexicanar, monegaskar, nicaraguanar, nigerianar, nordafrikanar, (nord)koreanar, panamanar, papuanar, paraguayamar, peruanar, portugisar, puertoricanar/puertorikanar, rumenar, salvadorianar, sentralafrikanar, slavar, slovenar, sørafrikanar, (sør)koreanar, texanar/teksanar, tibetamar, tsjekkar, tonganar, turkmenar, tyrkar, ungarar, uruguayamar, venezuelamar, (vest)samoamar*

Forslag for rettskrivingsnemnda i 2010:

Folkenamn på *-ar* skal bøyast regelrett i fleirtal, også dei som før hadde valfri form utan ending i ubunden form fleirtal, t.d. *ein anglar – anglaren – fleire anglarar – anglarane*

Innbyggjarnemningar som før hadde valfri ending (*-ar*) i ubestemt form eintal, får no obligatorisk ending *-ar*, t.d. *afgghanar, afrikanar* osv.